



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Christian Hagerup Reinshol

Behandlende eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Odd Høydalsvik / 55516377	Vår referanse: 16/109633-2	Dykkar referanse:	Vår dato: 22.08.2016
------------------------------------	---	-------------------------------	-------------------	-------------------------

Høyring av framlegg til mindre endring av reguleringsplan for Eikanger næringsområde – Plan-ID 1263-201114 – Lindås kommune

Vi viser til Dykkar brev av 08.07.16 med framlegg til mindre endring av reguleringsplanen for Eikanger næringsområde. Plan-ID 1263-201114 i Lindås kommune.

Føremålet med endringa er å opne opp for at handel med arealkrevjande vareslag kan etablerast innanfor planområdet. Bakgrunnen er mellom anna at det er vedteken ny område plan for Knarvik sentrum som avgrensar etablering og vidareutvikling av slike verksemder i Knarvik sentrum. Dette gjer at det er behov for alternative plasseringar for slike verksemder i kommunen.

Rådmannen i Lindås kommune hadde i framlegg til nytt punkt 2.3.2 i framlegg til reguleringsføresegner lagt opp til at salsareal i bygg eller på tomt ikkje skal utgjere meir enn 30% av netto BRA m², og ikkje vere større enn 200 m².

Ved handsaming av framlegget i Plan- og miljøutvalet i sak 082/16 vart dette punktet endra slik at framlegget som no ligg føre er at maksimalt salsareal ikkje skal utgjere meir enn 40% av netto BRA m², og ikkje vere større en 400 m².

I tillegg er det teke inn krav om avgrensing av parkering for verksemndene for å motverke ei eventuell utvikling mot ein kjøpesenterstruktur og det er også presisert kva type verksemder som skal kunner etablerast i området.

Fylkesmannen i Hordaland hadde opphoveleg motsegn mot framlegget til reguleringsplan for Eikanger næringsområde med bakgrunn i at det i planframlegget var opna for handel med arealkrevjande vareslag og opninga for dette vart teke ut av føresegnerne.

Statens vegvesen deler Fylkesmannen sin motstand mot etablering av salsverksemnd i næringsområdet med bakgrunn i at området då kan utvikle seg mot eit nytt kjøpesenter.

Vi ser at Lindås kommune kan få vanskar med plassering av verksemder for arealkrevjande vareslag med bakgrunn i den nye områdeplanen for Knarvik som gjer det vanskeleg å

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

vidareutvikle slik verksemd som no er plassert i Knarvik sentrum. Vi vil likevel tru at det er mogeleg å etablere slik verksemd i tilknyting til framtidige næringsområder langs fylkesveg 565 mellom Knarvik og grensa mot Radøy.

Statens vegvesen har vurdert framlegget til endring av reguleringsplanen for Eikanger næringsområde og vil med bakgrunn i dei argumenta som vert lagt fram kunne akseptere at det i prinsippet vert gjeve opning for å tillate etablering av sal av arealkrevjande varer innanfor næringsområdet.

Vi meiner at det etter handsaminga i Plan- og miljøutvalet vert lagt opp til for stort areal til slik verksemd i forhold til framlegget frå Rådmannen.

Vi vil derfor tilrå at punkt 2.3.2 vert endra tilbake til framlegget frå Rådmannen i Lindås kommune ved at punktet får denne ordlyden: «Salsareal i bygg eller tomt skal ikkje utgjere meir enn 30% av netto BRA m², og ikkje vere større enn 200m².»

Med dette som utgangspunkt vil Statens vegvesen kunne tilrå endring av reguleringsplanen.

Plan og forvaltning Bergen

Med helsing

Sindre Lillebø

Seksjonssjef

Odd Høydalsvik

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Fylkesmannen i Hordaland Samordningsprosjektet Egil Hauge,
Hordaland fylkeskommune – Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN